

Hausten 2025

Treng du ein koseleg plass å bu, er internatet på Mo ein ypparleg stad

Internatet ved skulestaden Mo har vore gjennom ei omfattande rehabilitering, og vil frå skulestart hausten 2025 vere klar til innflytting. Internatet har 60 hyblar fordelt på tre etasjar. Det blir servert fire måltid pr. dag, frå frukost mandag, til og med middag fredag. Det er to kjøkken (i andre og tredje etasje), og desse blir flittig brukt i helgane og på kveldstid. På internatet er det også felles oppholdsrom/stove med tv (fyrste etg). I kjellaren er det tilgjengeleg treningsrom, garderobeskap, vaskemaskiner og tørkerom.

Fram veke 43, vil kjøkkenet og matsalen vere under rehabilitering, og i denne perioden vil difor alle måltida bli serverte i midlertidig kantine 1. etg.

Frå måndag til torsdag vil kantina vere open mellom kl. 07.15 til kl. 15.45. Fredag kl. 07.15 – 13.45.

Internatet har eiga internatvakt som er til stades frå kl. 20:45 til morgen kl. 07:00. Internatvakta arrangerer også sosiale arrangement for elevane som bur på internatet.

Dersom du er elev ved skulestaden i sentrum, går det skulebuss både morgen og ettermiddag. Er du heimehøyrande i Sogn og Fjordane kan du søkje om frikort til bussen.

For skuleåret 2025/2026 er leiga på internatet 6500,- i månaden.

Er du interessert i å bu på internatet? Send ein e-post til post.fory@vlfk.no. Skriv namnet ditt og kva utdanningsprogram du skal starte på. Fyll ut, signer og returner hybelkontrakt når du har fått skuleplass. Hybelkontrakt må signerast før innflytting. Dersom du er under 18. år, må føresette signere kontrakten. Lenke til kontrakt finn du på heimesida til skulen.